

21. mars 2023

## Innspel til evaluering av Integrert masterprogram i musikkterapi ved UiB

Polyfon kunnskapsklynge er kjend med at ei programevaluering av musikkterapistudiet er på gong, og takkar for høvet til å kome med innspel. Som kontekst, vil vi først gje ei kort orientering om Polyfons målsetjingar og oppgåver, og korleis desse er knytt til studiet.

### Kort om Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi sine målsetjingar og oppgåver

Kunnskapsklyngja Polyfon bygger møteplassar mellom akademia og samfunnet rundt, med vekt på tenesteutøvarar og brukarar. Målet er på den eine sida å bidra til at eksisterande kunnskap kjem samfunnet til nytte, på den andre sida å bygge samarbeid som kan styrke føresetnadene for kunnskaps- og kompetanseutvikling på eit høgt internasjonalt nivå. Per i dag er 4 kommunale aktørar, 5 helseføretak og 4 akademiske institusjonar – inkludert Norges musikkhøgskule – med i samarbeidet. Klynga samarbeider også tett med andre aktørar, både regionalt og nasjonalt, sjå [Polyfons nettside](#).

Polyfons hovudmål er å styrke kunnskapsbasert bruk av musikk som helseressurs, med meir rettferdig tilgang til musikkterapitilbod i heile det norske samfunnet. Dette hovudmålet er konkretisert i fire delmål:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanninger, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Delmålsetjing 3a er den som tydelegast signaliserer klyngas intensjon om å vere relevant for dei to norske musikkterapiutdanningane, samstundes som dette må sjåast i samanheng med dei andre målsetjingane, då styrking av praksisfeltet, utvikling av ny kunnskap og auka kjennskap til musikkterapi i samfunnet på kvar sin måte er prosessar som påverkar utdanningane. Polyfons arbeid gjev oss god kontakt med samfunnsaktørarar med erfaring med å tilsetje musikkterapikandidatar.

Innspela nedanfor reflekterer dette. Av plassomsyn kan vi berre gje rom for utvalde tema, og dei fleste reflektere problemstillingar som kan sjåast frå ulike kantar. Om det er interesse for det, stiller Polyfon seg difor gjerne til disposisjon for vidare dialog.

### Positive tilbakemeldingar om musikalsk kompetanse og evne til å møte brukarane med respekt

Etter at Polyfon vart etablert i 2015, har vi hatt tette band både til kommunale tenester og tilbod og til spesialisthelsetenesta, og vi får ofte tilbakemeldingar om møtet mellom utdanning og praksisfelt. Noko av det vi høyrer, er:

- Griegakademiet utdannar engasjerte og fleksible musikkterapeutar som bidreg med ny kunnskap og nye løysingar i tenester/tilbod innan helse, sosial, kultur og oppvekst
- Ofte kan musikkterapeutane vere med på å generere nye idear og byggje opp nye tiltak

### Kritiske tilbakemeldingar om helsefagleg kompetanse og evne til å arbeide tverrprofesjonelt

Polyfon får ganske ofte også høyre om utfordringar, ikkje minst i spesialisthelsetenesta, når det gjeld integrasjon av musikkterapeutar i tverrfaglege team. Vi kan nemne:

- Tverrfaglege samarbeidsmogelegheiter vert ikkje alltid utnytta så godt som ønskjeleg, m.a. av di felles språk og fagforståing kan mangle

- Musikkterapeutane tar ikkje alltid det handlingsrommet tenestene tilbyr dei og vegrar seg i ein del tilfelle for å ta ansvar og delta aktivt i kartlegging, behandlingsplanlegging, dokumentasjon, oppfølging, osb.

#### **Andre utfordringar**

- Musikkterapeutar i tenestene har ingen etablert karriereveg og ingen modell for rettleiing, etter- og vidareutdanning/kompetanseutvikling, noko som blir ei kvalitetsutfordring over tid
- I rurale strok og i mindre byar utanfor Bergen er det ofte krevjande å rekruttere musikkterapeutar og vanskar med å bygge stabile faglege tilbod

#### **Kommentarar og vurderingar**


Akkurat kor positivt det positive er og kor alvorleg det negative er, kan sikkert variere, så empiriske undersøkingar av erfaringane til tenestene og til musikkterapeutane vil vere interessant. Det som uansett synest klart, er at dei sprikande tilbakemeldingane m.a. reflekterer musikkterapiens hybride identitet, som både musikkprofesjon og helseprofesjon. Utfordringar knytt til ein hybrid identitet er neppe noko ein kan løyse ein gong for alle. Det vil sikkert alltid vere gode argument både for «meir musikk» og «meir helse» i studiet. Polyfons erfaringar indikerer at det er eit stort behov for å styrke helsedimensjonen i studiet. Spørsmålet er om det kan gjerast utan å svekke musikkdimensjonen.

Når tal frå studiebarometeret indikerer at musikkterapistudentane ligg svært lågt når det gjeld eigenstudiar, vil vi meine at akkurat dette bør det vere mogeleg å sjå på. I noverande form er studiet ungt, og mykje kan tyde på at det er rom for å inkludere nye læringsmål utan å måtte ta vekk så mykje. Vi ser dette i lys av at musikkterapiens samfunnsoppdrag har endra seg radikalt dei siste ti åra, der musikkterapi sidan 2013 m.a. er inkludert i ei rekke behandlingsretningslinjer frå Helsedirektoratet. Dette var ikkje tilfellet då studieplanen for det femårige studiet vart skriven i 2009, og vi må spørje om samfunnsendringane i stor nok grad har fått påverke innhald i og organisering av studiet.

#### **Forslag til tiltak**

Vi vil føreslå at følgjande tiltak vert vurderte, der vi som sagt gjerne er med på ein vidare dialog:

- Etter Polyfons vurdering er det behov for ein revisjon av studieplanen, der endringar i musikkterapiens samfunnsoppdrag dei siste ti åra bør ha vekt i revisjonsarbeidet
- I ein slik revisjon, bør ein sjå på mogelegheitene for å styrke helsedimensjonen av studiet utan å svekke musikkdimensjonen
- I arbeid med dette, kan ein både sjå på nye obligatoriske emne/læringsmål og nye valemne
- Parallelt kan ein vurdere om det er mogeleg å gje kandidatane reiskapar til å vurdere dei metateoretiske premiss som pregar ulike diskursar om liv, helse og utvikling
- Sjølv om ein lukkast med å styrke den helsefaglege delen av studiet, vil ei femårig integrert masterutdanning nødvendigvis vere ei generalistutdanning, slik at eit heilskapleg arbeid for kvalitet bør sjåast i samanheng med arbeidet med å realisere spesialistutdanningstilbod
- Utfordringa som småbyar og rurale strok har med å rekruttere musikkterapeutar må få implikasjonar for innhald i og organisering av studiet. Nokre mogelege tiltak:
  - Arbeid med studentane si forståing av entreprenørskap i ein nordisk samfunnsmodell
  - Styrkt fokus på innhald i og organisering av tenester/tilbod i ulike samfunnssektorar
  - Kontaktflater med praksis i ulike landsdelar, t.d. gjennom blokkpraksis også femte år.



Brynjulf Stige, leiar for kunnskapsklyngja Polyfon